



Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 Austrheim

Plan ID 2021002

**Saknr.:** 21-004      **Kommune:** Austrheim      **gbnr.:**      **Gardsnamn:**      **Dykkar ref.:** planid. 2021002

## Igangsetting av planarbeid for Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002.

### Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2021/	Inn	10.02.2021	Austrheim kommune v/Asbjørn Nagell Toft	Igangsetting av planarbeid	BFK

NGIR har mottatt igangsetting av planarbeid for Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002, og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Austrheim kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 18.02.2021

*B.F. Karlsen*

-----  
Birgit Furseth Karlsen  
-Kunderådgjevar-